

**Forbod mot å gjera opp eld**

23.04.2011

**I samband med lynnbrannen ved Fjellandsbø i går spør fleire om kva reglar som eigentleg gjelder med omsyn til å gjera opp eld i skog og mark.**

**Det heiter i forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn at det frå 15. april til 15. september er forbode å gjera opp eld i eller i nærleiken av skogsmark utan løyve frå kommunen.**

Komunestyret kan gjennom lokal forskrift fråvika dette forbodet viss lokale tilhøve tilseier det.

Det heiter og at det ved flatebrenning eller brenning av hogstavfall i skogsmark samt gras- og lyngsviing i eller i nærleiken av skogsmark skal vere ein ansvarleg leiar som skal utarbeida planar og sjå til at brenninga skjer på forsvarleg vis. Det skal også sendast melding til leiaren av brannvernet i god tid på førehand

Det er også ein generell formulering om at det er forbode å tenn eld eller handsama ting som representerer ein brannfare utomhus under slike tilhøve eller på slik måte at det kan føre til brann. Oppgjort eld må ikje forlatast før han er fullstendig sløkt.

Av Ola Matti Mathisen.